




Månadsplan for MAI på Springar.

Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
		1 Offentleg høgtidsdag!	2	3 Kropp&Hopp  Mellomrom-gruppe
6 Hustreff	7 Den hemmelige klubben	8 Ei gruppe på tur	9 Kristi Himmelfartsdag	10 Planleggingsdag Barnehagen er stengd!
13 Hustreff	14 Den hemmelige klubben	15 Koste, rake, plukkedag. Gjere det fint rundt oss!	16 Vi øver på å gå i tog! Ymse leik!	17 Hurra for 17.Mai!
20 2.pinsedag	21 Den hemmelige klubben	22 Førskuledag Sandane skule	23 Superheltar til Sandane skule  Ei gruppe på tur	24 Kropp&Hopp 
27 Hustreff  (Dugnad kveld)	28 Fotografering 9.30	29	30 Superheltar til Nordstr.skule	31 Kropp&Hopp 

Ein skapande musisk møteplass

Kom Mai du skjønne, milde!

Vi kan i alle fall håpe på litt meir sol og varme! Enn så lenge er det framleis behov for hanskar, hue og tjukk ull! **Framover vil vi ta utgangspunkt i å starte dagane våre UTE!** Nokon dagar er det litt som vinter om morgonen, haust om dagen og sommar om ettermiddagen. Så tenk gjennom kva klede barnet ditt treng å gå med og ha med seg. Vi dreg meir på tur framover, så ungene treng sekkar med VATN i flaskene, og naudsynt klesskift.

Gjennom April har vi hatt fokus på vårteikn! Vi har sådd litt, og følgjer med på spiringa kvar einaste dag! På tur har vi oppdaga vårkål, påskeliljer, krokus og andre vakre blomar. Vi har til og med vore på hoggorm-safari med nokon av dei eldste på Springar. Det er så fint å få bli "venn" med desse spesielle skapningane ved å sjå etter, studere, og forske på dei, framfor å bli overraska av dei.

Det sikraste vårteiknet i barnehagen er nok likevel å endeleg få sykle-sykle-sykle! Regelleikane har òg blomstra opp, og det er så moro med "do-sisten", "boksen går", og "raudt lys" med super-raske skor! Ellers har eldstegruppa gjennomført "Atte-Katte-Noah" på mellomrommet, hatt fleire samankomstar med skulegjengane sine, og ser ut til å bli ganske klare for det som ventar dei til hausten. Men ventetida er lang, og barna skal få vere "her og no", så vi prøvar å unngå for mykje skulesnakk i kvardagen.

Mai byr på mange kjekke dagar, -og fleire fridagar! 17.Mai er eit skikkelig høgdepunkt! Og vi er allereie godt i gang med å teikne norske flagg og øve på songar! Vi gler oss til å gå masse i tog, og til dei gode fellesopplevingane som denne månaden byr på!

**På sjølve dagen er de alle velkomne til å gå i tog under barnehagen si fane i fellestoget på sandane. Sjå annonsering i avis/ plakatar/ facebook.**

I tillegg til alle dei "raude" dagane, har Mai mange viktige datoar å hugse på, så her er det berre å skrive ut planen!

**27. Mai er det DUGNAD i barnehagen! Velkommen frå 18-20!**

**28.Mai vert det fotografering frå 9.30**

### **Songar/reglar i Mai**

-Det går eit fest-tog gjennom landet!

-Vennesangen (fint at eg traff deg).

-Alle fuglar

-Eg gikk ein tur på stien

-Hipp, hipp, hurra, vi er så glad!

-Jegermars

-Lille måltrost

-Sola er god.

Med vennleg helsing Annlaug, Audhild, Eli-Karin, Malene, Margot, Ronny, Sunniva og Marlin.